



Invitasjon

til

*Tannlegeforeningens
Systematiske
Etterutdanning*

*16.-17. september og 19.-20. november 2004
Nordfjord Hotel, Nordfjordeid*

TSE er Den norske tannlegeforening si storsatsing på etterutdanningsfronten som skal etablerast med fem fagmodular. Tilbodet skal vere fleksibelt og vil i stor grad basere seg på fjernundervisning (FUV) og bruk av moderne informasjonsteknologi. Problembasert læring (PBL) er valt som pedagogisk metode fordi den krev både individuell læring og stimulerer til samarbeid.


Kvar modul i TSE er bygd opp med to tradisjonelle samlingar (ved start og avslutning) og ei lokal gruppesamling med læringsperiodar i mellom. På dei vanlege samlingane er det forelesingar, demonstrasjonar og diskusjonar, på gruppesamlinga og i læringsperiodane er det kunnskapsformidling ved hjelp av FUV og IT. Deltakarane skal arbeide i basisgrupper på 6-8 personar. Gruppene kan gjerne vere lokalt basert slik at deltakarane kan møtast mellom samlingane, men ein kan sjølvstendig også samarbeide via nett og telefon. Kvar gruppe kan godt bestå både av offentlege og privatpraktiserande tannlegar.

I undervisninga vert det nytta eit breitt spekter av pedagogiske element slik som plenumsforelesingar, videoinnspelte forelesingar (CD-ROM) utlagt tekst med bilete på TSE sin nettside, bruk av diskusjonsforum på nettet og PBL i basisgruppene. Arbeidet i gruppene vert heile tida følgt opp av dei fagansvarlege, den lokale kursleiaren og NTF's sekretariat. Det er ikkje lagt opp til nokon eksamen på slutten av kurset.

TSE er lagt opp for tannlegar, men ein har vedteke at tannpleiarar kan vere med så langt det er plass. Tannlegar har imidlertid førerrett til plassane og tannpleiarar vil difor ikkje få bekrefte plass før etter at påmeldingsfristen er fått ut.

Det er ein føresetnad at deltakarane har tilgang til PC/Mac med Internett og E-post, CD-ROM og høve til avspeling av lyd og video. Minstekrav til maskin- og programvare er:

- PC med Windows 95/98/NT/2000/XP eller tilsvarende Mac
- 300 MHz Pentium II prosessor
- 32X CD-ROM-spelar
- Skjermkort som kan vise ei oppløysing på 800 x 600 i tusener av fargar
- 32 MB ram
- Lydkort og høgtalarar
- Office-pakke med WORD og POWERPOINT (Office 97 eller nyare)
- Quicktime for avspeling av video (ligg på CD-platene som du vil få, og kan installerast derifrå)
- Dei fleste PC-ar kjøpt etter midten av 1998 vil vere gode nok.



Det er ein fordel å ha breiband som ADSL e.l., eller i alle fall ISDN. Det vil redusere nedlastingstidene vesentleg.

Deltakarane bør og ha tilgang til ein Office-pakke, Microsoft Office 97 eller nyare, eventuelt nyare versjonar av Open Office eller Star Office.

Om lag 14 dagar før kursstart vil deltakarane få tilsendt naudsynt informasjon som gjev tilgang til kursopplegget på Internett.

Om du vil melde deg av TSE-kurset er **siste frist 14 dagar før kursstart (2.september)**.

Dette må skje til NTF sentralt ved Laila Bråten, tlf 22 54 74 08 eller epost:

laila.braten@tannlegeforeningen.no

Hugs å melde avbod til hotellet også.

Det vert IKKJE refundert kursavgift for avmelding som kjem inn seinare enn dette.

Modul 3.

Kariologi - frå 0-100 på 90 dagar.

Fagansvarlege: Professorane Ivar Espelid og Anne Bjørg Tveit,

Universitetet i Oslo.

Målgruppe: Tannlegar

(Modul 3 vil også vere tilgjengeleg for tannpleiarar så langt det er plass).



Kursplan.

Programmet omfattar aktuelle problemstillingar og belyser nye trendar innan kariesbehandling.

Eksempel: Finst det nye kariesdiagnostiske metodar som gjer røntgenbilete og sonde overflødig?

Korleis skal vi forholde oss til høgre sukkerforbruk, brusdrikk, ugunstige spisevanar, spiseforstyrrelser og erosjonar?


Behandlar vi karies med ozon, bor eller fluor?

Kva betyr dei nye retningslinene for bruk av tannrestaureringsmateriale i vår daglege praksis?

Trendane innan moderne kariologi er å få profylaksen på fote igjen, lage små prepareringar, kvite fyllingar og ta kosmetisk tannbehandling på alvor.

Kan dette foreinast med evidensbasert odontologi?

- Ny kariesepidemiologi
- Kariesprediksjon
- Mikrobiologi og plakk
- Kariesetiologi og -utvikling
- Diagnostikk (klinisk, med røntgen, kjemikalier, lys, datateknikk o.fl.)
- Førebygging - inkl. nye tankar om førebygging av initiale lesjonar.
- Fluor i dagens profylakse
- Salivas rolle
- Fissurforsegling
- Kavitetpreparering - frå små lesjonar til nesten kroner
- Materialval og -behandling
- Bleiking - intern og ekstern
- Tannslitasje - etiologi, førebygging og behandling.
- Kariesbehandling på pasientar med behandlingsskrek
- Arbeidsmiljøproblematikk og arbeidshygiene. Biverknader.
- Dentale biomateriale brukt i kariesterapien: toksikologi, bruksområde, haldbarheit, økonomi, nye produkt



PÅMELDING

Deltakertall minst 28, maks 48

Om det melder seg på fleire enn det er plass for, vil ein fordele mellom offentlege og private. Mellom dei offentleg tilsette vil ein nytte ansiennitetsprinsippet. Medlemmer av NTF har fortrinnsrett.

Ikkje-medlemmer av NTF vil måtte betale eit tillegg til kursavgifta.

Tannlegar har fortrinnsrett framfor tannpleiarar, ved påmelding innan 5. august.

Vi ber om at tannpleiarar som ynskjer å vere med sender inn påmeldinga snarast og innan fristen.

Det vert og sendt ut invitasjon til tannlegar i Sunnmøre Tannlegeforening.

Prisar

Kursavgift kr 6.000,-.

Vert innkravd etter påmelding av NTF sentralt.

Stad og tid:

1. samling: 16.-17. september på Nordfjord Hotel, Nordfjordeid.

2. samling: 19.-20. november på Nordfjord Hotel, Nordfjordeid.

Samlingane vert haldne på Nordfjord Hotel på Nordfjordeid. Vi har fått eit godt tilbod på overnatting med fullpensjon. Merk at dagpakke gjeld for kvar dag.

Ver vennleg å merke av på skjemaet kva alternativ du ynskjer.

Hotellopphald: 16.-17. september kr 1000,- i enkeltrom

19.-20. november kr 1000,- i enkeltrom.

Prisen inkluderer kaffi/rundstykkje ved ankomst, lunsj, middag om kvelden, frukost og lunsj neste dag.

Ikkje-buande: Dagpakke med lunsj kr 310,-

Middag om kvelden kr 285,-

Påmelding på vedlagde skjema

Faks 57 86 84 61

Eller send til

Sogn og Fjordane Tannlegeforening

V/ Kjell Thue

SandaneTannklinikk

Boks 253

6821 SANDANE

Telefon: 57 86 84 60

E-post : k2e@senswave.com

Påmeldingsfrist 5. august.



PÅMELDINGSSKJEMA TSE 2004

16.-17. september og 19.- 20. november 2004

NORDFJORD HOTEL, Nordfjordeid

Eg melder meg på TSE Modul 3 i Kariologi.

Eg skal ha overnatting med full pensjon (set kryss eller stryk det som ikkje passar)

16.-17. september kr 1.000,-

19.-20.november kr 1.000,-

Eg ynskjer: Enkeltrom/Dobbelrom RØYK/IKKJE RØYK

Eg skal ha dagpakke

16.-17. september	kr 310,-	tor	<input type="checkbox"/>	fre	<input type="checkbox"/>
19.-20.november	kr 310,-	fre	<input type="checkbox"/>	lau	<input type="checkbox"/>

Etter 10. august må kvar enkelt sjølv melde frå til HOTELLET tlf.: 57 86 04 33 ved avbod eller endringar.

Ved eventuell "noshow" (ikkje fram møte utan å gje beskjed) er kvar enkelt deltakar ansvarleg for eventuelle krav frå hotellet.

Tittel:.....Privat/offentleg tilsett

Namn:.....

Adresse:

Postnr. og -stad:.....

E-post (obligatorisk) :.....

Påmeldinga skal faksast til : 57 86 84 61

E-post: k2e@sensewave.com

eller sendast til:

Kjell Thue

Sandane Tannklinikk

Boks 253

6821Sandane

PÅMELDINGSFRIST 5. AUGUST